



Rune Nordahl Entreprenørforretning AS  
Lonåsen 2  
5267 ESPELAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1183 - 15/9184

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
18.05.2015

## Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk, gbnr 51/4 på Landsvik.

**Administrativt vedtak. Saknr: 158/2015**

### Saksutgreiing:

Der er i søknad, motteke 17.04.2015 og 21.04.2015, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for bustadhus på gbnr 51/4 på Landsvik.

I samband med etablering av kommunalt VA-anlegg i området vart det etablert stikk for vatn som vart kopla til eksisterande vassleidning til denne eigedomen. Kommunen er kjend med at eigedomen allereie er tilknytt.

Eigedomen har i dag privat avlaupsløysing med slamavskiljar.

### Vurdering:

Tilknytning til kommunalt vassverk skal skje i kum, anten direkte eller via private stikkleidningar, og elles på vanlege kommunale vilkår. Administrasjonen har elles ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt kommunalt vassverk.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova og naudsynthe ansvarsrettar ligg ved saka.

Ansvarsrettar:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Rune Nordahl Entreprenørforretning AS	S	SØK/PRO/UTF Tiltaksklasse 1 – prosjektering og graving for vassleidning.
Hordaland Aquatecnic AS	S	UTF – tilkopling til kommunal vassleidning

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

\*S = sentral godkjenning L = lokal godkjenning

## Vedtak

«Meland kommune godkjenner at bustadhus på gbnr 51/4 vert tilknytt kommunalt vassverk med ei bueining, jf. søknad motteke 17.04.2015 og 21.04.2015, med vedlagt situasjonskart, på følgjande vilkår:

- Tilkoplinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. Kommuneforlaget.
- Tilkopling skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkoplinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. P.t. er gebyret kr. 10 000,- pr bueining + mva. for tilkopling til kommunalt vassverk.
- Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og Plan- og bygningslova.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Situasjonskart gbnr 51-4

### Kopi til:

Anne Marie Skurtveit	Landsvik 75	5917	ROSSLAND
----------------------	-------------	------	----------

### Mottakere:

Rune Nordahl Entreprenørforretning AS	Lonåsen 2	5267	ESPELAND
--	-----------	------	----------